



Innkalling for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 04.05.2017
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 09.00 - 15.00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
023/2017	Kommunedelplan Bø - presentasjon planarbeid - styringsgruppe
024/2017	Spelemidler til lokale kulturbygg - Prioritering av søknader
025/2017	Søknad om støtte til deltaking i World Music Contest
026/2017	Tilskot til politiske parti 2017
027/2017	Delegert fullmakt - førebunde fellesnemnd
028/2017	Forskrift om rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgstenester i Radøy kommune - kriterier og ventelister
029/2017	Midlar til integrering
030/2017	Lokalisering av reinseanlegg - Manger
031/2017	Ny barnehage på Bø - plassering og tilkomst
032/2017	Årsmelding og rekneskap 2016
033/2017	Disponering av mindreforbruk 2016
034/2017	Meldingar og referatsaker

Kl. 13.00: Det vert orientering om Risnes-krinsen sine innspel til bygdeutvikling og tiltak i lokalsamfunnet. Samling i Rikstad bedehus.

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

1. oktober 2018

Jon Askeland
møteleiar

Arthur Kleiveland
utvalssekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	16/162	17/5267

Kommunedelplan Bø - presentasjon planarbeid - styringsgruppe

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Som del av prosessen med utarbeiding av kommunedelplan for Bø (planID: 12602016000100) ynskjer rådmannen å presentera arbeidet som er gjort og det som pågår no. Radøy formannskap er styringsgruppe for planarbeidet og i den samanheng vert det sett av litt tid til å gje innspel til planprosessen.

Agenda:

Presentasjon og gjennomgang av Funksjonell strandsoneanalyse.

Arbeidet med plankart og plandokumenta. (tema: Kommunedelplan vs Områderegulering)

Diskusjon og innspel til planprosessen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ikkje framlegg til vedtak i denne saka

Vedlegg:

Kartlegging av funksjonell strandsone i kdp for Bøvågen i Radøy

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/859	17/5353

Spelemidler til lokale kulturbygg - Prioritering av søknader

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune lyser ut tilskot til lokale kulturbygg, som er ein del av spelemiddelordninga. Kommunen skal prioritera innkomne søknader gjennom politisk vedtak, og senda søknadene over til fylkeskommunen til vidare handsaming.

Tilskotsordninga for lokale kulturbygg skal medverka til eigna lokale og bygningar som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Bygningane skal fungera som kulturelle møtestader for lokalmiljø og/eller region. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturhus, men ikkje til ordinært vedlikehald eller drift. Utearena for kulturell verksemd er òg omfatta av føremålet.

Det er kome inn éin søknad i Radøy kommune i denne søknadsrunden. Denne søknaden gjeld lagertilbygg på Samfunnshuset Skogen Sletta.

Vurdering

Samfunnshuset Skogen Sletta er eit fleirbrukshus som mellom anna vert nytta til idrettsskule, turn, konsertar, revy, basarar, 17. mai og ei rekkje andre arrangement. Skogen Sletta er det viktigaste samlingspunktet for Sletta-bygda, men også eit viktig kulturbygg for heile kommunen.

Samfunnshuset Skogen Sletta søker no om midlar til eit tilbygg som skal nyttast til lagring av utstyr. Eit slikt tilbygg vil gjera det langt enklare for alle som brukar bygget og også gjera at ein kan kjøpa inn meir utstyr til ulike aktivitetar. Total kostnadsramme på prosjektet er kalkulert til 1 036 250. Dei søker om kr 330 000.

Konklusjon

Det er kome inn éin søknad til ordninga lokale kulturbygg i Radøy kommune. Denne søknaden frå Samfunnshuset Skogen Sletta vert difor prioritert.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune prioriterer søknader om tilskot til lokale kulturbygg 2017 som følger:

1. Samfunnshuset Skogen Sletta

Vedlegg:

Søknad om tilskot til tilbygg Skogen Sletta

Samfunnshuset Skogen_elektronisk søknad om spelemidler til idrettsanlegg

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/296	17/4218

Søknad om støtte til deltaking i World Music Contest

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Manger musikklag søker om kr 35 000 til deltaking i World Music Contest (WMC) i Krekrade i Nederland i juli. WMC er ein internasjonal konkurranse for brass band, wind band og fanfare band som vert arrangert kvart 4. år. Manger musikklag er regjerande meister i Championship Division Brass Band frå WMC 2013, og er invitert til å delta i konkurransen også i 2017 for å freista å forsvare tittelen. MML er også invitert til å spela på WMC sin gallakonsert 10. juli. Budsjettet for turen er kr 385 000.

Vurdering

Å få lov til å delta i WMC som regjerande meistarar vil vera ei stor oppleving for Manger musikklag, og kan også gje positiv profilering av Radøy som brasskommune. Det er kostnadskrevjande å reisa på slike turar, trass i at korpset som regjerande meistarar får honorar for deltakinga og speling på gallakonserten.

Retningslinene kulturmidlar i Radøy kommune seier at tilskot kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune, og aktivitets- og prosjektstøtte kan gjevast til opne kulturarrangement og –prosjekt. Søknaden fell dermed inn under kriteria for kva som kan støttast.

I følgje retningslinene skal tiltak som gjeld born og unge og menneske med nedsett funksjonsevne prioriterast. Manger musikklag har få medlemer under 20 år. Søknaden må også sjåast i lys av at Manger skulemusikklag nyleg fekk 15 000 kroner i støtte til si EM-deltaking, som har om lag same budsjett. Manger skulemusikklag har 46 medlemer under 20 år som alle er busette i kommunen. I tillegg har eit skulekorps behov for eit større støtteapparat av foreldre og føresette med på turen. Rådmannen meiner difor at eit tilskot til Manger musikklag må leggjast på eit lågare nivå enn støtta til Manger skulemusikklag, og foreslår at Manger musikklag får kr 5 000 i støtte til deltakinga i WMC.

Saka har vore til uttale hjå Radøy musikkråd. Dei meiner Manger musikklag bør få kr 10 000 i støtte frå kommunen til deltakinga i WMC.

Konklusjon

Deltaking i WMC er positivt for Manger musikklag og kan også gi god profilering av kommunen. Retningslinene for aktivitets- og prosjektstøtte seier at born og unge skal prioriterast. Då Manger musikklag er eit korps med hovudsakleg vaksne medlemmer bør støtta vera på eit lågare nivå enn det Manger skulemusikklag fekk tidlegare i år. Rådmannen foreslår difor at Manger musikklag får kr 5000 i tilskot til deltaking i WMC.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Manger musikklag får kr 5000 i aktivitets- og prosjektstøtte til deltaking i WMC.

Tilskotet vert henta frå konto 14718 Aktivitets- og prosjektstøtte.

Vedlegg:

Budsjett WMC

Uttale frå Radøy musikkråd

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
026/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/999	17/5268

Tilskot til politiske parti 2017

Saksopplysingar:

Kommunane er ikkje pålagt å gje tilskot til dei politiske partia, men det er ein innarbeidd praksis i Radøy med slikt tilskot. Dei seinare åra er det gitt 50 000 kroner i kommunalt tilskot til dei politiske partilaga.

Kommunane avgjer sjølv omfanget av støtta, men dersom kommunane vil iverksetja slik økonomisk støtte, må ein følgja føresetnadene i partilova. I dette ligg det at eventuell støtte skal ytast høvesvis etter valoppslutning.

Samla storleik på tilskotet til kommunestyregruppene vert fastsett gjennom kommunen sine årlege budsjettvedtak. For 2017 er det sett av kr 50 000,-.

Etter partilova kan ein tidel av støtta fordelast likt – altså kr 5000,- og resten forholdsmessig. Rådmannen vil likevel føreslå at det vert gjeve ei grunnstøtte på kr 1000,- til kvar av dei 6 kommunestyregruppene, dvs 12 prosent av samla støtte. Representantstøtta vil då verta kr 1760,- pr representant i kommunestyregruppene. Dette er i samsvar med praksisen i Radøy dei seinare åra.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune sitt budsjetterte tilskot i 2017 på kr 50.000,- til kommunestyregruppene, vert gjeve med kr 1000,- i grunnstøtte til kvar gruppe og kr 1760,- pr. representant i gruppene.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1600	17/5408

Delegert fullmakt - førebuande fellesnemnd

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Førebuande fellesnemnd har i sak 12/17 handsama «Prosess for tilsetjing av prosjektleiar». FNN vedtok å engasjera ein prosjektleiar for arbeidet med kommunesamanslåinga for perioden august 2017 - juni 2020.

Førebuande fellesnemnd legg opp til å leiga inn eit kompetansemiljø med ein prosjektleiar og anna kompetanse som ny-kommune-prosjektet kan ha behov for.

Det er ikkje ein del av mandatet til Førebuande fellesnemnd å leiga inn prosjektleiar. Difor ber førebuande fellesnemnd no kommunane om delegert fullmakt til å gjennomføra prosessen med å engasjera konsulentselskap/prosjektleiar.

Saksutgreiing:

Prosjektleiaren vil få eit hovudansvar med å få god framdrift i prosessen med å etablera ein ny kommune, og samstundes ha ansvaret for at prosessen skjer i høve til gjeldande regelverk og avtalar. Den som blir engasjert som prosjektleiar skal også ha oversikt og kontroll over alle aktivitetar som er avgjerande for å få etablert den nye kommunen til 1. januar 2020.

Førebuande fellesnemnd legg opp til ein anbudsprosess for å få ein avtale om prosjektleiing på plass før sommarferien 2017. Det vert samtidig lagt opp til å avklara prosessen for tilsetjing av ny rådmann/prosjektansvarleg hausten 2017.

Førebuande fellesnemnd gjorde følgjande vedtak i sak 12/17:

Førebels fellesnemnd gir rådmennene i dei tre kommunane i oppdrag å gjennomføra ein anbudsprosess for innleige av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017 - juni 2020, i høve lov om offentlige anskaffingar. Det blir lagt inn atterhald om departementet si endelege godkjenning av den nye kommunen. Avtalen med ein slik leverandør skal også gje moglegheit for å trekkja på fleire ressursar i perioden, slik at ein har kompetanse og kapasitet

tilgjengeleg for prosjektet i avtaleperioden

2. Formell fellesnemnd skal hausten 2017 setja i gong ein tilsettingsprosess for å tilsetja ein prosjektansvarleg i prosjektperioden fram til 31.12.2019, som og skal vera rådmann i den nye kommunen frå 01.01.2020. Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av eksisterande rådmenns rettskrav, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetting av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.

3. Kostnadar til arbeidet med anbudsprosessen, inkludert eventuelle kostnadar til å engasjera ekstern bistand, blir dekt av eingongsstønad som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnaden med å leiga inn prosjektleiar skal finansierast frå eingongsstøtta som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Vurdering:

Arbeidet med å etablere ein ny kommune krev stor breidde i kompetanse, fleksibilitet og kapasitet i prosjektorganisasjonen. For å sikra fokus og tilstrekkeleg kapasitet til oppgåva med å leia prosjektet, er det viktig å få tilsett ein prosjektleiar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Førebuande fellesnemnd får fullmakt til å gjennomføra ein prosess med å engasjera prosjektleiar.

Vedlegg:

Førebuande fellesnemnd_sak 12_17_Prosess for tilsetjing av prosjektleiar

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
028/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Mette Fauskanger	16/2141	17/4025

Forskrift om rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Radøy kommune - kriterier og ventelister

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Stortinget vedtok 13. juni 2016 endring i [Pasient- og brukerrettighetslov](#) samt i [Helse- og omsorgstenestelov](#) om rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester. Kommunen er her pålagt å utarbeide kommunale kriterie for tildeling av nemnde type opphald, samt tildeling av plass på venteliste.

Det skal utformast kommunal forskrift med iverksetting frå og med 01.07.2017.

Saksopplysningar

Regjeringa vil innføre nasjonale kriterier for langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad. Hensikta er mellom anna å bidra til at tildelingsprosess i kommunane vert meir forutsigbar og open. Nasjonale kriterier er tenkt iverksett etter evaluering av forsøksordning med statleg finansiering av omsorgstenesta, samt at ein har fått erfaringar frå kommunale forskrifter.

Fram til nasjonale kriterier er vedtatt må den einskilde kommune utforme lokal forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad. Kommunen skal føre ventelister over pasienter som venter på kommunal langtidsplass, og regulere korleis kommunen skal sikre forsvarleg oppfølging av dei pasientane som står på venteliste.

Plikt til å utarbeide kommunale kriterier vert avgrensa til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester.

[Forvaltningslova](#) kapittel VII omtaler formalkrav ved etablering av kommunal forskrift.

Forvaltningsorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak vert å treffa, jamfør Forvaltningslov § 37: «*Offentlige og private insititusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller viss interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale seg før forskriften bir utferdiget, endret elleropphevet. Så langt det trengst*

for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.

Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse...Uttalelser skal gis skriftlig. Forvaltningsorganet kan i den enkelte sak samtykke i at uttalelse kan gis muntlig. Når saken egner seg for det, kan forvaltningsorganet bestemme at forhandlinger om saken skal foregå i møte»

Når det gjeld formkrav og kunngjering viser ein til Forvaltningslov § 38: «*En forskrift skal inneholde:*

- a. *En uttrykkelig henvisning til den eller de bestemmelser som gir forvaltningsorganet hjemmel til å utferdige forskriften, og en henvisning i samsvar med EØS-høringslov §12 viss forskriften inneholder tekniske regler i henhold til nevnte lov*
- b. *nevne det forvaltningsorgan som har gitt forskriften*
- c. *kunngjøres i Norsk Lovtidende*
- d. *i kunngjøringen betegnes som forskrift*

Når praktiske hensyn gjør det hensiktsmessig, kan kunngjøringen avgrenses til en kort omtale av forskriften med opplysning om hvor teksten kan fåes eller finnes.»

Vurdering

Kommunen har ansvaret for å sørge for kommunale helse- og omsorgstenester, og det er ein føremon at tildelingsprosessar for enkeltvedtak er kjent og forutsigbar. Kommunal forskrift om rett til langtidsopphald skal gje tryggleik for at den einskilde sine tenestebehov vert sett og vurdert, samt at tilbod om langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarande bustad er tilgjengeleg når behov oppstår.

Tenestemottakar skal ha krav på naudsynte og forsvarlege tenester uavhengig om ein står på ei venteliste eller ikkje. Vidare skal sakshandsaming følgje forvaltningslova sine reglar, samt dei krav som gjeld om klage som følgjer av pasient- og brukarrettighetslov.

Rådmannen har etablert administrativ arbeidsgruppe for å utarbeide framlegg til kommunal forskrift. Arbeidsgruppa har utforma framlegg om kommunal forskrift som i hovudsak ikkje avviker frå gjeldande praksis om lågaste effektive omsorgsnivå ved tildeling av tenester og ressursinnsats. I tillegg legg ein til grunn målsetting som seier at omsorgstenester skal ytast i eigen heim så lenge den einskilde ønskjer det og det er fagleg forsvarleg.

I høve til formalkrav ved etablering av kommunal forskrift vurderer rådmann at det er føremålstenleg at formannskapet fattar vedtak om at framlegg til kommunal forskrift vert å sende på høyring. Etter avslutta høyringsperiode vil formannskapet handsame saka, og vurdere eventuelle merknader før saka går vidare for endeleg handsaming i kommunestyret i juni.

Konklusjon

Rådmannen rår til at framlegg til kommunal forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Radøy kommune vert lagt ut på høyring.

Framlegg til kommunal forskrift, med eventuelle merknader, skal handsamast på ny i formannskapet 01.06.17. Endeleg godkjenning av kommunal forskrift skal handsamast i kommunestyret

15.06.2017.»

Rådmann sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner at framlegg til «Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Radøy kommune – kriterier og venteliste» vert lagt ut på høyring.

Høyringsfrist vert sett til 26. mai 2017.

Vedlegg:

Høyringsnotat til Forskrift om rett til langtidsopphald (121456)

Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	17/515	17/4048

Midlar til integrering

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I sak 032/206 gjorde kommunestyret vedtak om å setja av kr 250 000 til fond for fritids- og avlastningstilbod for ungdomar med særskilde behov.

Behovet for ei ordning som stimulerer til integrering og inkludering har ved fleire høve vore diskutert i formannskapet, mellom anna i samband med handsaming av nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar. Også andre målgrupper for integreringsarbeidet har vore trekt fram, og rådmannen legg til grunn at fondsmidlane også skal stimulere til integrering av andre målgrupper i lokalsamfunnet, t.d. flyktningar og innvandrarakar.

Radøy kommune vart i 2014 kåra til årets barne- og ungdomskommune. Tryggleik, trivsel og livskvalitet er visjonen for kommunen som gjennom ei årrekke har satsa målretta på gode oppvekstvilkår for barn og unge. Kommunen har eit rikt kultur og aktivitetstilbod, og deltaking i kultur- og fritidsaktivitetar bør vere tilgjengeleg for alle, uavhengig av funksjonsnivå.

I Radøy, som i andre kommunar, er likevel erfaringa at det kan vere utfordrane for menneske med nedsett funksjonsevne å få høve til likeverdig deltaking i kultur og fritidsaktivitetar. I nokre tilfelle er ikkje aktivitetane fysisk tilrettelagte for deltaking for menneske med særskilte behov. Andre gongar kan det vere behov for å tilrettelegge nye typar aktivitetar som er spesielt tilpassa ulike målgrupper. Ofte vil tilpassing av aktivitetar eller etablering av nye aktivitetar krevje økonomiske ressursar.

Flyktningar og innvandrarakar er ei anna gruppe som kommunen ønskjer å stimulere til deltaking og integrering i lokalsamfunnet. Stortingsmelding nr. 30 2015-2016 *Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk* slår fast at frivillige organisasjonar kan spele ei viktig rolle i dette arbeidet, t.d. ved at dei får kontaktar i nærmiljøet og ved at dei vert involverte i aktivitetar som gjev trivsel og meining. I samband med at det dei siste åra er kome fleire asylsøkjarakar og innvandrarakar med flyktningbakgrunn til Radøy, har fleire lag og organisasjonar i kommunen sett i gang integreringstiltak på eige initiativ. Døme på slike tiltak er LHL Radøy, som gjennom fleire år har drive internasjonal kafé i gamle prestegarden og tingstova, og Nordhordland Røde kors som i litt over eitt år har drive ei

turgruppe i kommunen. Rådmannen meiner det er viktig at slike tilbod vert oppretthalde, og at ei tilskotsordning både kan stimulere til kontinuitet i slike tilbod, og til etablering av nye.

På bakgrunn av dette rår rådmannen til at det vert etablert ei tilskotsordning som stimulerer til inkluderings- og integreringstiltak i Radøy kommune. Midlane vert henta frå fond for fritids- og avlastningstilbod for ungdommar med særskilde behov, og kr 250 000 vert delt likt over tre år. Tilskotsordninga får ei økonomisk ramme på kr 80 000 pr år.

Rådmannen gjer framlegg om følgande retningslinjer for tildeling av midlar frå tilskotsordninga:

- Lag og organisasjonar kan søkje om midlar til inkluderings- og integreringstiltak i Radøy kommune.
- Tilskotsordninga har som føremål å stimulere til deltaking i kultur- og fritidsaktiviteter for menneske med særskilte behov, samt for flyktningar og innvandrarakar, som har behov for særskilt tilrettelegging for integrering i lokalsamfunnet.
- Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert.
- Det kan søkast om midlar til:
 - a. arrangement som krev særskilt tilrettelegging for deltaking for målgruppene
 - b. egne arrangement tilrettelagt for målgruppene
 - c. andre tiltak i tråd med målsettinga for tilskotet kan vurderast særskilt
- Det vert ikkje løyvd midlar til å dekke lovpålagte tenester over tilskotsordninga
- Ramma for tildeling er kr 80 000 fordelt med kr 40 000 pr halvår. Ufordelte midlar kan overførast til neste tildeling
- Det er søknadsfrist to gongar i året: 1. mars og 1. oktober
- Fordeling av tilskot vert gjort administrativt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune etablerer ei ny tilskotsordning for inkluderings- og integreringstiltak.

1. Det vert totalt sett av kr 250 000 til tilskotsordninga, og midlane vert henta frå fond for fritids- og avlastningstilbod for ungdommar med særskilde behov. Ramma for årleg tildeling er kr 80 000, fordelt med kr 40 000 pr. halvår, for perioden 2017-2019.
2. Framlegg til retningslinjer:
 1. Lag og organisasjonar kan søkje om midlar til inkluderings- og integreringstiltak i Radøy kommune.
 2. Tilskotsordninga har som føremål å stimulere til deltaking i kultur- og fritidsaktiviteter for menneske med særskilte behov, samt for flyktningar og innvandrarakar, som har behov for særskilt tilrettelegging for integrering i lokalsamfunnet.
 3. Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert.
 4. Det kan søkjast om midlar til:
 1. arrangement som krev særskilt tilrettelegging for deltaking for målgruppene.
 2. egne arrangement tilrettelagt for målgruppene.
 3. andre tiltak i tråd med målsettinga for tilskotet kan vurderast særskilt.

5. Det vert ikkje løyvd midlar til å dekke lovpålagte tenester over tilskotsordninga.
 6. Ramma for tildeling er kr 80 000 fordelt med kr 40 000 pr halvår. Ufordelte midlar kan overførast til neste tildeling.
 7. Det er søknadsfrist to gongar i året: 1. mars og 1. oktober.
 8. Fordeling av tilskot vert gjort administrativt.
1. arrangement som krev særskilt tilrettelegging for deltaking for målgruppene.
 2. egne arrangement tilrettelagt for målgruppene.
 3. andre tiltak i tråd med målsettinga for tilskotet kan vurderast særskilt.
 - a. Det vert ikkje løyvd midlar til å dekke lovpålagte tenester over tilskotsordninga.
 - b. Ramma for tildeling er kr 80 000 fordelt med kr 40 000 pr halvår. Ufordelte midlar kan overførast til neste tildeling.
 - c. Det er søknadsfrist to gongar i året: 1. mars og 1. oktober.
 - d. Fordeling av tilskot vert gjort administrativt.
3. Framlegg til retningslinjer vert sendt på høyring til lag og organisasjonar, og rådmannen får fullmakt til å gjere mindre justeringer basert på høyringsinnspel. Ved framlegg om større endringar i retningslinjene, vert saka lagt fram til politisk handsaming på ny.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
030/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	17/749	17/5346

Lokalisering av reinseanlegg - Manger

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I tråd med gjeldande kommunedelplan for avløp skal det gjennomførast ei kloakksanering for Manger. Føremålet er å samle kommunale slamavskillarar og private septiktankar i eit felles reinseanlegg, og det har over tid vore arbeid med å avklare anleggstype og lokalisering.

Nytt renseanlegg på eksisterande tomt i Pollen var ute på anbod hausten 2015. Stor skilnad mellom vedteken budsjettløyving og innkomne tilbod, medførte at saka vart lagt fram for formannskapet for vurdering, jf. sak 079/2015. Sak om kloakksanering for Manger vart utsett og tilbodskonkurransen avlyst (jf. FS 103/2015). Rådmannen vart beden om å vurdere andre og mindre omfattande alternativ.

Asplan Viak vart engasjert for å bistå i vurdering av lokalitet og anleggstype, saman med administrasjonen og leiar i byggenemnda. Arbeidsgruppa konkluderte med at plassering ved Mangersvåg kai eller Mangersnesvegen peika seg ut som beste lokalitet. Mangersnesvegen vart seinare utelukka som alternativ som følge av eigartilhøve. Når det gjeld type reinseanlegg vurderte rådmannen trykksilanlegg som den mest framtidsretta løysinga, ei vurdering som også byggenemnda stilte seg bak. Det vart vist til at trykksilanlegg gir betre grad av reinsing og kontroll med reinsa avløp, samt at trykksilanlegg var den beste løysinga med omsyn til ei eventuell utviding og oppgradering.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i sak 50/2016:

«Nytt reinseanlegg Manger vert bygd som trykksilanlegg, plassert i området ved Manger kai. Rådmannen kjem tilbake med endeleg plassering i samband med budsjettet for 2017. Finansiering av reanseanlegget vert å koma tilbake til i budsjett for 2017.»

Administrasjonen har i etterkant av kommunestyrevedtaket vore i dialog med grunneigar på Manger kai for å avklare moglegheit for kjøp av areal. Kommunen fekk først tilbod om å kjøpe ein større del

av kaiområdet, inkludert fryselageret, og eigar ønskte å selje arealet som eit aksjeselskap. På bakgrunn av kostnadsnivå og kompleksitet i saka orienterte rådmannen formannskapet om tilbodet som var mottatt. Administrasjonen undersøkte også andre alternative lokalitetar i området, utan å finne areal som var betre eigna. Etter dialog med eigar av Manger kai fekk kommunen eit nytt tilbod, der arealet var avgrensa i forhold til første tilbod, og fryselageret var tatt ut av tilbodet.

Radøy kommune har fått tilbod om å kjøpa naudsynt areal til reinseanlegg og pumpestasjon for kr 1 000 000, og kommunen må dekke alle kostnader knytt til kjøpet. Arealet ligg mellom fryselageret og det gamle meieriet (gbnr 44/77). Administrasjonen har hatt møte med byggenemnda 30.03.17 og informert om prosess og diskutert framlegg til lokalisering. Byggenemnda held fast ved vurderinga om at plasseringa på Manger kai er det beste alternativet for lokalisering av nytt reanseanlegg.

Rådmannen gjer merksam på at plassering av eit reinseanlegg på kaien kan bidra til avgrense framtidige utviklingsmuligheter i området. På den annen side kan ein søke å plassere anlegget diskret og gi det ei tilpassa arkitektonisk utforming. Anlegget er i tillegg relativt lite plasskrevande, og skal vere diskret både med omsyn til lukt og støy. Administrasjonen og eigar av lokaliteten på Manger kai har vore på synfaring på tilsvarande anlegg på Osterøy.

Vurdering

Etter ei lengre prosess har kommunen no høve til å kjøpe areal til reanseanlegg på Manger kai i tråd med kommunestyrevedtak 50/2016, som seier at nytt reanseanlegg skal plasserast i område ved Manger kai. Lokaliteten er framstilt som mest fordelaktig alternativ, både i notat frå Asplan Viak og av byggenemnda, som har vurdert både økonomiske og tekniske forhold. Utfordringa med lokaliteten er at etablering av kommunalt reinseanlegg på Manger kai ikkje vil vere i samsvar med arealføremål i gjeldande reguleringsplan eller i overordna plan. Om saka kan løysast gjennom ein dispensasjon eller om det vil verte naudsynt med omregulering vil bero på ei vurdering av konsekvensane av tiltaket, og utfallet av planprosess er ikkje klar. Eit evt. kjøp av tomt på Manger kai bør derfor ta atterhald om at det vert gitt løyve til utbygging av slikt anlegg. Å flytte reanseanlegget frå dagens lokalisering i Pollen vil også medføre at det må søkast om nytt utsleppsløyve. Prosess for legalisering av leiligheiter i det gamle meieribygget kan også verte påverka av etablering av reanseanlegget ved Manger kai.

Alternativene til Manger kai er som kjent lokalitet ved Skitkaien i Mangersvågen og dagens lokalisering i Pollen. Lokaliteten ved Skitkaien vert vurdert som nest beste alternativ når ein vurderer den tekniske løysinga, m.a. fordi lokaliseringa krev kortare ledningsnett enn reanseanlegg i Pollen. Til tross for at grunnen ved Skitkaien er i privat eige, er total kostnad med grunn og utbyggingskostnad estimert å vere lågare enn i Pollen, der kommunen eig grunnen sjølv, jf. notat frå Asplan Viak. På bakgrunn av kommunestyrevedtak i sak 50/2016, har ikkje administrasjonen tatt kontakt med grunneigar for avklaringar omkring eit evt. kjøp av grunn. Lokaliteten ved Skitkaien har riktig arealføremål i overordna plan, men også i dette tilfellet må det gjerast avklaringar i forhold til planprosess og utsleppsløyve. Naustmiljøet i Mangersvågen er eit område med høg kulturell verdi, som også kan påverke prosess og resultat.

Konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering meiner rådmannen at det no ligg til rette for kjøp av tomt (med atterhald om naudsynte løyver) og oppstart av prosjektering og naudsynte søknadsprosesser for lokalisering av nytt reanseanlegg på Manger kai. Ettersom tiltaket ikkje er i tråd med overordna plan, kan kommunen risikere at det ikkje vert gitt naudsynte løyver til oppføring av tiltaket.

Rådmannen meiner at etablering av renseanlegg ved Skitkaien vil vere nest beste alternativ. Til tross for at tiltaket her vil vere i tråd med overordna arealføremål, er det også her usikkerhet knytt til krav om planprosess og utfall av denne. Utbygging ved eksisterande anlegg i Pollen vil derfor vere alternativ nr 3.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt reinseanlegg for Manger vert plassert ved Manger kai.
2. Rådmannen får løyve til å inngå kjøpsavtale for grunn til anlegget, men avtalen må ta atterhald om at kjøpsavtale fell bort dersom kommunen ikkje får naudsynte løyver til å bygge renseanlegg på den aktuelle tomten.
3. Alternativt vert lokalitet for renseanlegg ved Skitkaien prioritert som nr 2 og lokalitet i Pollen som nr. 3.

Vedlegg:

Kloakksanering Manger (L)(122863)

Kloakksanering Manger - nytt reinseanlegg (L)(102748)

NOTAT byggjenemda Plassering reinseanlegg Manger (L)(122707)

Skisse

Skriv frå Manger Kai AS - vedk. sal av parsell

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
031/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tore Rikstad	16/659	17/5291

Ny barnehage på Bø - plassering og tilkomst

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Det vert vist til formannskapet sitt vedtak i sak - 014/2017 om å gå inn for alternativ 1 sine løysingar for ny barnehage lokalisert på ny tomt mellom skule og eksisterande barnehage. Formannskapet legg og til grunn at den nye barnehagen ikkje blokkerer for drift og evt utbygging av skulen og at byggeplassen sikrast slik at både skule og noverande barnehage kan driftast i byggeperioden. Vidare ønskjer formannskapet at den nye barnehagen får innkøyring frå sør.

Med bakgrunn i vedtaket har administrasjonen gjennom arkitekten fått utarbeidd ein meir detaljert situasjonsplan og planteikning tilpassa den nye tomten.

Vurdering

Som situasjonsplanen viser har ein ved plasseringa av både bygg og tilkomst prøvd å ta omsyn til byggegrensa langs fylkesvegen, som er 30 m, og til pågåande arbeid med kommunedelplanen for området der tilkomsten går via eksisterande oppgraderte kommuneveg. Difor er m.a. foreslåtte tilkomst frå sør no flytta til nord. Det blir no eit oversiktleg og samanhengande uteområde adskilt frå all trafikk og såleis ein sikrare tilkomst og ei langt betre utnytting av tomten.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegget til løysing vert godkjend slik det ligg føre.

Vedlegg:

Bø Barnehage_8000_A2

Bø Barnehage_8000_A2

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
032/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	16/140	17/4147

Årsmelding og rekneskap 2016

Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2016 til godkjenning. Rekneskapen er revidert, og revisjonsmeldinga er teken inn i rekneskapsdokumentet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2016 og rekneskap 2016 vert godkjent slik dei ligg føre

Vedlegg:

Rekneskapsdokument_2016_endeleg

Årsmelding 2016 endeleg

Særutskrift - uttale til årsrekneskapen + revisjonsrapport nr 14 og revisjonsmelding

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
033/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	16/140	17/5194

Disponering av mindreforbruk 2016

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Årsrekneskapen for 2016 syner eit mindreforbruk på kr 13.173.445,- og er ført i balansen som udisponert overskot, i balansegruppe 2.56. Det er berre kommunestyret som kan gjera vedtak om disponering av dette mindreforbruket.

Vurdering

Før disponering av mindreforbruk frå 2016 er det bokførte disposisjonsfondet kr 4.304.205. Av dette er kr 1.006.000 såkalla fritt disposisjonsfond, resten er «øyremerka» særlege tiltak.

Disposisjonsfondet er ikkje eit «verna» fond, og dersom driftsrekneskapen seinare år syner meirforbruk, skal disposisjonsfondet nyttast til å dekkja opp. Dette gjeld også dei delane av disposisjonsfondet som kommunestyret har øyremerka. Øyremerking er såleis å sjå på som ei prioritering av midlar «i gode tider».

Rådmannen meiner i utgangspunktet at heile mindreforbruket frå 2016 skal setjast til eit fritt disposisjonsfond, for å auka kommunen sin økonomiske handlefridom og styrkja eigenkapitalen.

Kommunestyret står sjølvstendig fritt til å bruka av disposisjonsfondet, men rådmannen vil på det sterkaste rå frå at ein set i verk tiltak som fører til permanent auka driftsnivå.

I årsmeldinga for 2016 har rådmannen på side 3 kommentert at motteke **integringstilskot** for 2016 vart om lag 2,4 mill høgare enn føresett, fordi kommunen tok i mot fleire flyktingar enn føresett. Mange av desse kom seint på året, men utløyste likevel full tilskot for 2016, medan kostnadene kjem på i løpet av 2017. Rådmannen meiner difor det må vera rett å setja av desse 2,4 mill på øyremerka disposisjonsfond, konto 2.56080.615 for bruk til integreringsarbeid i 2017. Rådmannen får fullmakt til å disponera fondet i samsvar med føremålet.

Av budsjettvedtaket for 2017 går det fram at kommunestyret vil vurdere løyving til lærebøker i

skulane i samband med disponering av årsresultatet for 2016. Ut frå dette signalet meiner rådmannen at det bør setjast av ein sum til **undervisningsmateriell** i skulane. Grensegangen mellom lærebøker og anna undervisningsmateriell er flytande, og det bør vera opp til den einskilde skule å vurdera kva type læringsmateriell som er mest tenleg for skulen. Rådmannen meiner også det må vera greitt å løyva ein sum pr elev, for å gjera fordelinga mellom skulane enklast råd. Rådmannen meiner at ein sum på kr 1.000 pr elev må vera høveleg. Pr 20.04.2017 hadde skulane i Radøy 626 elevar, som gir ein samla sum på kr 626.000. Rådmannen rår såleis til at kr 626.000 vert sett av på konto 2.56080.630 undervisningsmateriell, for bruk i 2017. Rådmannen får fullmakt til å disponera fondet i samsvar med føremålet.

Lindås, Meland og Radøy har vedteke **bygging av ny kommune** frå 1.1.2020. Prosessen har starta opp, og rådmannen ser at det vil vera trong for å setja inn ekstra ressursar i Radøy kommune frå no og ut 2019. Det skal gjerast omfattande arbeid med kartlegging, strukturering og harmonisering av prosessar, system, kompetanse, avtalar, mv. Ein god del av arbeidet skal utførast i den nye prosjektkommunen ved bruk av statlege tilskotsmidlar. Men mykje arbeid må også gjerast i dei eksisterande kommunane, samstundes som drifta skal halda fram på vanleg måte. Dei statlege midlane vert truleg berre nytta i den nye prosjektorganisasjonen, og kommunane må sjølv «finna» midlar til å gjennomføra prosessane i kvar einskild kommune. I tillegg bør det gjerast eit arbeid for å kunne synleggjere og ta i vare Radøy sine interesser gjennom styrka planarbeid og ulike kartleggingar i tida fram mot samenslåinga.

Rådmannen ber difor kommunestyret om å setja av 3 mill på øymerka disposisjonsfond 2.56080.700 Omstilling ny kommune 2020. Rådmannen får fullmakt til å disponera fondet i samsvar med føremålet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Mindreforbruk frå 2016 kr 13.173.445 vert disponert slik:

Avsett til fond integrering av flyktningar, konto 2.56080.615, kr 2.400.000

Avsett til fond undervisningsmateriell, konto 2.56080.630, kr 626.000

Avsett til fond omstilling til ny kommune, konto 2.56080.700, kr 3.000.000

Avsett til fritt disposisjonsfond konto 2.56080.001, kr 7.147.445

Rådmannen får fullmakt til å disponera konto 2.56080.615, 2.56080.630 og 2.56080.700 i samsvar med føremålet.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
034/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/827	17/5134

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Interkommunal velferdsteknologi – prosjektmandat
- b. Regionrådet – protokoll 31.mars 2017
- c. Region Nordhordland Helsehus – status – regionrådet
- d. Interkommunal akvakulturplan – presentasjon regionrådet
- e. Strategiplan Nordhordland Næringslag – presentasjon regionrådet
- f. Kulturhusplan Knarvik – presentasjon regionrådet
- g. Nordhordland Revisjon IKS – møteutskrift styremøte 24. april 2017
- h. Norsk Kulturskuleråd Hordaland – protokoll årsmøte 16.-17. mars 2017
- i. BKK generalforsamling – møteprotokoll 27. april 2017
- j. Orientering v/rådmannen
- k. Orientering v/ordføraren

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Interkommunal Velferdsteknologi - prosjektmandat

Regionrådet protokoll 31_mars_2017

Region Nordhordland Helsehus_status pr_27_mars 2017_regionrådet

Interkommunal akvakulturplan_presentasjon regionrådet

Strategiplan Nordhordland Næringslag_presentasjon regionrådet

Kulturhusplan_Knarvik_presentasjon regionrådet 31_03_17

Nordhordland Revisjon IKS_styret_møteutskrift 24_04_2017

Norsk Kulturskoleråd - Hordaland - protokoll frå årsmøte 23. mars 2017

BKK generalforsamling_protokoll 27042017